

Møter du personar som nyleg har vore i område med risiko for smitte med nytt koronavirus?

30. januar 2020

Møter du personar som

- kjenner seg sjuke med feber og hoste eller pustevanskar og har vore i Kina dei siste 14 dagane?
- kjenner seg sjuke med feber og hoste eller pustevanskar, og som dei siste 14 dagane har vore i kontakt med nokon som har fått stadfesta smitte med koronavirus?

Bør du

- halde minst 1 meter avstand, om mogleg, til den sjuke personen
- informere den sjuke personen om korleis vedkommande kan kontakte lege på telefon
- eller hjelpe med å ringe den lokale legevakta på telefon 116117

Husk

- hoste i lommetørkle som du kastar, hoste i olbogekroken om du ikkje har lommetørkle
- å vaske hendene ofte, for å hindre overføring av smitte

Meir informasjon om viruset

Oppdatert informasjon om det nye koronaviruset: www.fhi.no, www.helsedirektoratet.no og www.helsenorge.no